



KONSERTINFORMASJON

Skulekonsertordninga
til Rikskonsertane

2009
2010



DinoSau

Skatten, skatten, Klas har tatt den!

Eit surrealistisk eventyr om ein forsvunnen skatt, dinosauer, mafia, aviser og ein kilen kval

Konsert for 1.- 7. årstrinn

Turneen er eit samarbeid mellom

RIKS **KONSERT** ANE



Møre og Romsdal
fylkeskommune



KONSERTINFORMASJON: DinoSau



OM PROGRAMMET

For dei som ikkje allereie veit det, er ein dinosau ei blanding av ein sau og ein dinosaur. Det er ganske beskjedne og litt engstelege dyr, så det er nok derfor vi ikkje ser dei så ofte. Dei er vegetarianarar, det vil seie at dei et ein god del salat, suppe, spagetti og ikkje minst sukkertøy, som for eksempel sitrondrops og karamellar. Dinosauer er glade i moderne framkomstmiddelsom rulleskøyter og rakettar. Elles har dei mange av dei same kvalitetane som oss menneske. Dei har hjartet på rette staden, nemleg halen.

Men dette er ikkje det historia skal handle om.

Skatten, skatten, Klas har tatt den er ei surrealistisk historie om tre musikarar som er på leit etter den tapte skatten til dinosauene. På vegen fram til å finne den tapte skatten må musikarane ofte få gode råd frå avisa. Dei endar opp med å måtte reise både til Parris, Kyssden og austvest for Toten, der dei støyter på rare ting som den vonde mafia-dinosauen Klas og ein stor, kilen kval.

Dinosau er ein organisme i konstant utvikling, reisande rundt i universet på leit etter nye verder å utforske. Derfor inneheld låtane ofte repetative element som ei basslinje, ein trommefigur eller ein loop. Det er vakre og hypnotiserande melodiar. Desse elementa blir ofte fargelagde med små detaljar.

OM MUSIKARANE



Lena Nyemark

Lena Nyemark er songarinna, men ho spelar òg fløyte og synthesizer. Ho utvidar stemmespekteret sitt med bruk av live-effektar. Lena er den som rører seg mest på scenen. Ho er utdanna musikkpedagog frå Noregs musikkhøgskole. Her har ho teke songtimar med Solveig Slettahjell, Sidsel Endresen, Elin Rosseland og Jon Ebersen. I tillegg til å syngje spelar Lena diverse saksofonar, klarinettar, tverrfløyte, synth og klokkespel. Lena spelar fast med Hanne Hukkelberg, syng i duoen Silucian Town og er medlem i jazzbandet Florebius. Ho korarmed Robert Post og er med på isprosjektet til Terje Isungset. I tillegg held ho kurs og har private songelevar. Tidlegare har ho turnert med rikskonsertbanda Samtidig og Talking Loud i Møre og Romsdal.



Bjørn Thevik

Bjørn Thevik er elektrikaren. I dei seinaste åra verkar det som om han treng konstant straumforsyning. Elektrisk bass, samplarar og synthesizerar. Om natta drøymer han om oscillatorar og filter. Bjørn er utdanna ved jazzlinja på Musikkonservatoriet i Trondheim, og spelar kontrabass, el-bass og elektronikk. Ved sida av lagar han CD-coverdesign og webdesign (www.thevik.com). For tida spelar Bjørn med Eva and The Heartmakers og Riim (Thevik/Rennestraum), og han har eit solokonsept som er basert på improvisert elektronisk musikk. Bjørn har mellom anna spelt med Kjetil Møster, Frode Gjerstad, Erlend Skomsvoll, Frank Jacobsen, Helge Jordal, Claudia Scott, Thomas Strønen, Vignleik Storaas, Ketil Gutvik, Mathias Eick og Ben Levi Løfall.



Stig Rennestraum

Stig Rennestraum er trommeslagaren. Han forsyner DinoSau med ein beat ikkje berre inspirert av moderne popmusikk, men med eit breitt fundament rotfesta i jazz og rock. Sig spelar òg vibraphonette. Når han gjer det, slår dei av motoren og flyt vektlause gjennom rommet. Stig har studert på jazzlinja ved Musikkonservatoriet i Trondheim. Han har mellom anna jobba som landsdelsmusikar i Nord-Noreg, halde fleire kurs og undervist i trommespel. Våren 2007 gav han ut si eiga soloplate med trio Orange, saman med Sondre Meisfjord og Vignleik Storaas. Plata er allereie blitt stor i utlandet. Stig er òg med i duoen Riim (Thevik/Rennestraum), og er fast trommeslagar i Urban Tunélls Klezmerband. Han har spelt med m.a. Anne Grete Preus, Yacob Young, Frode Gjerstad, Ståle Storløkken, Kjetil Møster, Kjetil Gutvik og Trondheim Jazzorkester med Jon Balke.



KONSERTINFORMASJON: DinoSau



BANDET DINOSAU

DinoSau-universet starta med rakettar og sitrondrops på eit øvingslokale i Oslo vinteren 2002. Tre musikarar blanda kreativt elektroniske lydar med trommer, fløyter, naivkloke tekstar, fuzz-soloar og vakre melodiar. Våren 2007 gav DinoSau ut den første plata si på det nyskapande plateselskapet Propeller Recordings (Superfamily, Hanne Hukkelberg). Plata heiter "A Little Crime" og er produsert av Andreas Mjøs. Singelen "Pärris", som er blitt vist på MTV og Svisj her i Noreg, er allereie blitt ein stor hit i Hellas, takka vere ein mobiltelefonreklame. Så dei som har vore på diskotek i Hellas i fjor sommar, kan ikkje ha unngått å danse til den karamell- og sjokoladefylte songen "Pärris".

PRAKTISKE KONSERTFØREBUINGAR

- Musikarane bruker langveggen i konsertsalen. **Elevane sit på matter på golvet.** DinoSau treng óg ein midtgong blant publikum
- **God aldersblanding er viktig på denne konserten!** Derfor ber vi om at ved fleire enn ein konsert at for eksempel alle elevane i "A-klassene" komme på første konsert, og "B-klassene" på andre. Eller at elevar frå 1., 3., 5. og 7.trinn kjem på ein konsert og frå 2., 4. og 6. på den andre
- Dinosau treng hjelp frå ein lærar eller ein annan person som introduserer konserten og set historia i gong. Vi ber om at denne læraren tek kontakt med musikarane når dei kjem til skulen
- Konsertsalen må vere open for musikarane 45 minutt før den første konserten.
- Kulturkontakten må vere tilgjengeleg under heile besøket, og hugs, det er alltid hyggjeleg å bli møtt med ein kopp kaffi når ein kjem på besøk til ein ny stad!
- Vi ber om at fire elevar er tilgjengelege for hjelp til å bere utstyr før og etter konserten
- Musikarane treng eit straumuttak på 16 A til konserten

KORLEIS SKOLEN KAN STYRKJE SI EIGA KONSERTOPPLEVING

- Rikskonsertane har god erfaring frå skular som brukar elevvertar og elevarrangørar. Sjå www.rikskonsertene.no/elevsomarrangorer for meir informasjon
- Vi ber om at lærarane set seg saman med elevane og er publikum og opplever konserten på lik linje med elevane
- Bruk konsertinformasjonen og informer elevar, skuleleiinga og lærarar om innhald og praktiske opplysningar
- Til denne konserten følgjer det ein DVD med musikkvideoen "Pärris" av DinoSau, og eit forslag til opplegg i faga norsk og drama. Bruk dette før konserten. Gjer gjerne elevane òg kjende med historia bak førestellinga "Skatten, skatten, Klas har tatt den". Dei førebudde møta er ofte dei beste!
Besøk dessutan DinoSau på <http://www.myspace.com/dinosau>
- Bruk det vedlagte Bruk konserten-materiellet. Eigarskapen til, og effekten av konserten aukar der besøket blir forankra i undervisninga og læringsmåla til skulen

Sjå også boka Bruk konserten! for fleire undervisningsopplegg
www.rikskonsertene.no/brukkonserten

Vel møtt til konsert!

Idé og opplegg: Musikarane i samarbeid med Guro von Germeten
Musikkvideo: Andreas Paleologos
Regikonsulent: Anethe Alfsvåg



KONSERTINFORMASJON: DinoSau



Produksjonsnummer: 110V055

SPØRSMÅL OM TURNEPLANEN

Kultursekken
Møre og Romsdal fylkeskommune
Tlf: 71 25 89 01
e-post: kultursekken@mrfylke.no


SPØRSMÅL OM PROGRAMMET

Produsent Guro von Germeten
Rikskonsertene
Tlf. 22 02 59 57
E-post: vgv@rikskonsertene

FAKTA

Skulekonsertordninga til Rikskonsertane er ein del av Den kulturelle skolesekken og blir gjennomført som eit samarbeidsprosjekt mellom Rikskonsertane og fylkeskommunane. Skulekonsertane utgjer det hovudsaklege musikktilbodet innanfor Den kulturelle skolesekken. Rikskonsertane har det heilskaplege ansvaret for skulekonsertordninga og legg dei faglege rammene for verksemda. Skulekonsertane er statleg fi nansierte gjennom budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet. Fylkeskommunane har ansvar for turnéplanlegging og delar av konsertproduksjonen i sine respektive fylke. Kommunane abonnerer på skulekonsertane til Rikskonsertane, ei ordning som i dag omfattar 99,7 % av alle grunnskolane i landet. 600 000 barn får to årlege besøk av profesjonelle musikarar på skulane sine. Det er skulane sjølve som står som arrangør av skulekonsertane. Kvart år gjennomfører rundt 800 musikarar 10 000 skulekonsertar i Noreg.

Du finn meir informasjon på www.rikskonsertene.no





BRUK KONSERTEN!

Samspill,
opplevelse
og læring

SPONTANSKRIVING OG TEKSTDRAMATISERING

Vedlagt følger ein dvd med DinoSau sin musikkvideo «Pärris». Sjå videoen med klassen som inspirasjon til konserten og som grunnlag for Bruk konserten!-opplegget. Gjennom øvingar i spontanskiving og tekst-dramatisering må elevane stille seg aktive til opplevinga eller konserten dei skal på. Spontanskiving kan senke elevane sin terskel og redusere frykta deira for å produsere eigne tekstar. Gjennom spontanskiving skaper elevane sine eigne mentale tankar om konsertopplevinga. I dramatiseringsøvingane gjer elevane tekst om til eit visuelt uttrykk, og øvingane er derfor gode verktøy for å nå alle elevane i ei elevgruppe.

FAG Norsk, musikk, eventuelt engelsk

EMNE Skriftlege tekstar

MÅLGRUPPE 1. - 7. årstrinn

TIDSRAMME Ca. 1 - 3 timar

RESSURSAR DVD-spiller, penn, papir, konsertinformasjon

MÅL LK06

Eleven skal kunne gi uttrykk for opplevingar gjennom språk, dramatisering, dans og rørsle (musikk, 1. årstrinn). Eleven skal kunne beherske eit tilstrekkeleg ordtilfang til å uttrykkje kunnskap, erfaring, opplevingar, kjensler og eigne meiningar (norsk, 4. årstrinn). Eleven skal kunne gi uttrykk for eigne reaksjonar på film, bilete og musikk (engelsk, 7. årstrinn). Eleven skal kunne opptre i ulike språkroller gjennom rollespel og drama, opplesing, intervju og presentasjonar (norsk, 7. årstrinn).

FRAMGANGSMÅTE

Modul 1:

Sjå musikkvideoen «Pärris». Elevane skriv deretter kvar for seg og fritt ut ifrå videoen i om lag ti minutt. Læraren tek tida og motiverer elevane til å skrive utan stans. Det er ingen reglar for innhald, men det er ikkje lov å heve pennen frå papiret eller stanse å skrive desse ti minutta. Etterpå les elevane tekstane sine høgt i grupper på fire, og de kan lese nokre av tekstane høgt i plenum. De kan gjere den same øvinga fleire gonger ut ifrå same inspirasjonskjelde, men med ulike retningsliner for kva form eller sjanger elevane skal bruke. Til dømes kan de gjennomføre øvinga ein gong som eit eventyr, så som eit dikt eller ein fagleg tekst. På yngre årstrinn kan de velje å teikne i staden for å skrive.

Modul 2:

Elevane arbeider i grupper på fire og tek utgangspunkt i ein av tekstane frå modul 1. Elevane øver på at ein i gruppa les teksten høgt samstundes som dei tre andre dramatiserer handlinga. Det er viktig at elevane les med klår og høg røyst, og at dei lever seg inn i dramatiseringa. Dersom elevane ikkje ønskjer å lese teksten sjølv, kan sjølvstøtt læraren gjere det. På yngre årstrinn kan læraren skrive ein tekst ut ifrå konsertinformasjonen.



BRUK KONSERTEN!

*Samspill,
opplevelse
og læring*

Elevane arbeider vidare med rammeforteljinga i grupper på fire, og dei får fem minutt til å pusse på og justere forteljingane sine. Elevane gjer rammeforteljinga om til fem fysiske bilete, som i ein teikneserie, der bileta skal uttrykkje den viktigaste handlinga i forteljinga. I tillegg kan dei fortelje eller bruke musikk for å understreke stemninga i historia. Kwart bilete må frysast i om lag fem sekund, slik at publikum – dei andre elevane – får sett skikkeleg på det. Læraren gir elevane eit signal når dei skal byte bilete, og publikum kan godt late att auga mellom kvart bilete. Det er viktig å summere opp etterpå. Kva var det publikum fekk sjå? Kva handla forteljinga om?

- KVIFOR**
- Elevane rekk ikkje å kritisere eller sensurere når dei skriv spontant, og øvinga opnar derfor for andre skriveopplevingar enn vanleg.
 - Elevane arbeider seg inn i konserten gjennom øvingane, dei lagar seg ei eiga historie og skaper ein forkunnskap. Dette kan styrkje opplevinga av den reelle konserten
 - Elevane blir meir medvitne om korleis ein tekst er bygd opp, og korleis enkel dramaturgi fungerer på scena.
 - Elevenes tekst dramatiseres og gis et fysisk og visuelt uttrykk. Dette er en god metode for de elevene som lettest lærer gjennom å bruke hele kroppen

TIPS FOR VIDARE- FØRING

Elevane kan også nytte teiknesirkklar når dei går gjennom opplevinga
Sjå boka Bruk konserten!, www.rikskonsertene.no/bрукkonserten

© Bruk konserten! (2009). Etter ein idé av Terese G. Solbakken og Guro von Germeten

